

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur

Nr 2 | juni 2020 | 23. årgang



Neste blad

kjem i desember 2020, med frist for stoff 20. november. Send gjerne inn tips om det skjer noko på setra i sommar!

Seterkurs for ungdom

skal det vera på Olestølen i Valdres 21. - 23. august. Der er det geiter og geitost det går i. Det skal også vera slåttekurs for ungdom og unge vaksne same staden 24. - 26- juli. Seterkurset på Inner Gammelsetra i Grøvdalen på Nordmøre som skulle vore 5. til 11. juli er derimot avlyst, melder seterfolket på facebookgruppa si. Men der er både folk og dyr på setra gjennom sommar- en, for den som vil ta ein tur.

Ø.S.

Stølssommeren står for tur

- › Våren 2020 har snart blitt historie, og en ny stølssesong står for tur. De fleste har hatt en roligere vår, men andre har jobbet på spreng for å hjelpe syke og begrense Covid-19. Situasjonen har minnet oss om vår sårbarhet og hvor viktig det er å ha god beredskap.
- › Beiteressursene har vært avgjørende for fjellbygdene – og er en viktig ressursbank å ta vare på for framtida.
- › Også jordbruksforhandlingene ble annerledes, i en forenklet versjon. Norsk seterkultur leverte våre innspill etter drøfting på årsmøte og i styret. Vi er selvsagt fornøyde med at alle fylker nå har samme minimum stølstilskudd på kr 50 000, men vi er fremdeles ikke helt i mål. Etter den nye ordningen får du ikke lenger støtte etter fire uker, med mindre ditt fylke har spesielle tilpasninger. Vi ser også negativt på at grensa for setertilskudd har økt fra 30 liter til 45 liter produsert mjølk per dag. Vi trenger alle som tar vare på seterkulturen og verdiene i seterlandskapet!
- › Samtidig ser vi at vi må stimulere til flest mulig dyr – og lengst mulig på setra. Derfor har vi også spilt inn at tilskuddet skal øke med kr 10 000 for hver uke inntil åtte uker. Dette kan gjøres som en fast ordning via de statlige midlene, eller med fylkesvise tilpasninger. Det er svært positivt at fylkene tar ansvar. Samtidig ser vi at tilpasninger i realiteten av og til kan handle om omdisponeringer, som for eksempler i Oppland der et tilskudd til seter med melkeproduksjon på utmarksbeite ble fjernet da den nye ordningen kom. Det førte til at flere fikk mindre i samlet støtte til seterdrift etter at ordningen ble innført. Dette er selvsagt uheldig.
- › Det er ikke bare Fylkesmannen som forvalter virkemidler som berører seterbrukeren. Innovasjon Norge har en viktig rolle når det gjelder etableringer og vedlikehold. Kommunene på sin side er i førstelinja og administrerer SMIL-ordningen som kan brukes til restaurering og skjøtsel.
- › Vi ser at veldig mange engasjerer seg i seterdrifta. Vi har derfor søkt samarbeid med en rekke organisasjoner om felles uttalelse. Vi kan være uenige i mye, men her handler det om å enes om det vi kan – og stå sammen. Hvis styret vil, vil vi fortsette å komme med uttalelser sammen med andre organisasjoner. Vår oppgave er å ta vare på seterkulturen, men seterkulturen tilhører alle!
- › Ha en god setersommer!

Katharina Sparstad

*daglig leder
Norsk seterkultur*

Samarbeid mellom Norsk seterkultur og andre organisasjoner

Du har kanskje lagt merke til at Norsk seterkultur for tida publiserer uttalelser i diverse aviser og tidsskrifter? Disse er skrevet for å synliggjøre viktigheten av å opprettholde og styrke seterdrifta. For å vise omverdenen at vi har støttespillere utover egne rekker, har vi valgt å henvende oss

til organisasjoner som Norsk kulturarv, Naturvernforbundet og Dyreveralliansen. Disse ser alle positivt på norsk seterdrift utfra forskjellige vinklinger og har sagt ja til å publisere uttalelsene sammen med oss. (Eksempel side 8-9 i bladet.) -Litt uvant, kanskje? Men vi trenger alle støttespillere.



Styret:

Siv Beate Eggen, leiar
Sørbygdvegen 543,
7760 Snåsa,
tlf 481 02 785
sivbeate@me.com

Knut Ola Storbråten,
nestleiar

Anno museum, Odalstunet,
Kongsvinger festning 2,
2213 Kongsvinger
tlf 469 11 351
knut.ola.storbraten@
annomuseum.no

Styremedlemmer

Per Sæther
Gaupsetvegen 430,
6631 Batnfjordsøra
tlf 936 73 569
pesetra@gmail.com

Ove Sørestrand
Strandavegen 2,
6947 Lavik
tlf 951 38 819
ove.sorestrand@nlr.no

Per Sigve Lien
per.sigve.lien@tine.no
(repr. landbruksamvirket)

Varamedlemmer

Kjetil Larsgard
Hovsvegen 215
3577 Hovet
tlf 908 65 957
Kjetil@larsgard.no

Inga Iversen Aasen
Vingelsåsen 51
2542 Vingelen
tlf 416 37 520
ingaiversenaasen@gmail.com

Gro Haraldsdotter Arneng
Dalsvegen 639
2940 Heggenes
tlf 952 26 255
groarneng@hotmail.com

Utgjevar:

Norsk seterkultur

Skrautvålvegen 77, 2900 Fagernes

Telefon 990 09 584
E-post seter@seterkultur.no
Heimeside www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Øystein Skjæveland, tlf 416 07 381
heim@isrosa.no

Trykk: Unitrykk

Rekneskap/abonnement: Svein Løken, sv.l@online.no

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gongar i året.

Redaksjonen avslutta 29. juni 2020.

Framsida: Frå Heraldssetra i Møre og Romsdal 2019.
Bilete: Jostein Sande.

Setra mi

Norsk seterkultur ønsker å vite mer om setrene til medlemmene våre. Derfor lanserer vi nå kampanjen: «Setra mi»!

Kampanjen er startet i forbindelse med Unesco-prosjektet der målet er å få en best mulig dokumentasjon på setre i drift i Norge per i dag. Reisebudsjettet tillater dessverre ikke at vi får besøkt alle setrene. Derfor trenger vi hjelp fra dere!

Vi har laget ei enkel spørreliste på et elektronisk skjema som vi håper flest mulig vil svare på. Det er også interessant å høre fra dere som ikke viderefører mjølka men sender den til meieriet. Alle er like viktige! I tillegg til å svare på de enkle spørsmålene, vil vi gjerne at du til slutt skriver tre setninger som sier litt om setras historie og hva den betyr for deg, for garden og for bygda i 2020.

Skjemaet finner du under fana "Sommeraksjon "Setra mi"" på hjemmesida [seterkultur.no](http://www.seterkultur.no), eller ved å gå rett inn på denne adressen:

http://www.seterkultur.no/?page_id=3335.

Ny instagram-konto

Til slutt har vi veldig lyst til å se bilder fra setra di. Særlig bilder som viser både bygningene, livet der og ikke minst aktiviteter i form av buføring, mjølkeforedling (f.eks. primkoking eller smørkinning) og beiting i inn- og utmark. Sørg for at evt. personer på bildene har gitt sitt samtykke til at de kan publiseres. Vi ønsker nemlig å legge ut bildene fortløpende på en egen instagram-konto som heter **setra_mi**.

Bildene sendes til:

seter@seterkultur.no.



Ei ku på veg ut på vangen på Skålbergsetra (foto: Knut Ola B. Storbråten).

Det elektroniske skjemaet inneholder disse spørsmålene:

- Navn på seter
- Eier/adresse/kommune/GPS-koordinater
- Om du eier eller leier setra. Hvis du leier vil vi gjerne ha ditt navn
- Er det ku, geit eller begge deler på setra?
- Leveres mjølka eller foredler man den sjøl (eller deler av produksjonen)

- I tilfelle foredling; hvilke produkter?
- Tar man i mot besøk på setra?
- Har setra strøm, bilveg og innlagt vatn?
- Om dere bor på setra
- Om setra «alltid» har vært i drift
- Finnes det ei egen hjemmeside eller fb-side?

K.O.S.

Farvel til diesel-aggregatet



Solcellepanela kom på plass på setertaket alt i oktober 2019 (bilete: Erling Tingstad).

Sommarsola kan duga til meir enn å få graset til å veksa på setervollen. Med det rette utstyret kan sola driva både mjølkemaskin og tank.

Av Øystein Skjæveland

Det er i alle fall meininga med eit arbeid som «Selskapet for Norges Vel» driv med i desse dagar. Målet med prosjektet «fossilfri seterdrift» er mangfelt: Å gjera landbruket meir klimavenleg, gjera seterdrifta meir lønsam på sikt, og ved ei

modernisering av setringa gjera det lettare å få neste generasjon til å ta over. Det er også tanken at fossilfri drift vil gjera setra meir attraktiv som reiselivsmål og dessutan vera eit symbol på eit landbruk i pakt med framtida.

Halvparten manglar straum

Norges Vel tek mellom anna utgangspunkt i seterundersøkinga i 2019 frå AgriAnalyse (omtalt i Seterbrukaren nr 1 i 2020). Her går det fram at omlag halvparten av dei som svarte på undersøkinga ikkje er tilkoplta straumnett. Dei fleste av desse brukar dieselaggregat når

dei treng straum, og dette er korkje billeg eller klimavenleg, skriv Norges Vel i prosjektskildringa si.

Men etter kvart kjem det løysingar som er meir berekraftige og som kunne høva for mange setrar. Serleg er det framvoksteren av solceller og ny batteriteknologi som er lovande, meiner Norges Vel.

Utprøving i Os

Ei slik løysing er no snart til utprøving på ei seter i Os i Østerdalen. Her har bonde Erling Tingstad gjort avtale med den lokale leverandøren EnergiPluss

om å få levert eit anlegg med solceller, batteri og styringssystem. Sollcellene vart monterte i oktober 2019, og batteriet og ymse utstyr skal på plass sommaren 2020, når setervegen er framkomeleg. Målet er at dette anlegget skal gjera setra sjølvforsynt med energi.

Prosjektet til Norges Vel skal så i to somrar framover fylgja med på forsøket i Os, og spreia røynsler og lærdom derfrå vidare til andre som kan vera interesserte.

Også til vinterbruk

Batteripakken, som kjem levert i ein kontainer på 1700 kilo og kan lagra 52 kW-timar, er elles tenkt å gjera nytte for seg om vinteren òg. Då kan han flyttast heim til garden og koplast til straumnett, og hjelpa til med å ta unna effekt-toppar som elles kan gje høgare nettleige. Batteripakken kan også lada seg opp når straumprisen er låg og forsyna garden med straum når prisen stig. Dessutan kan batteriet vera ei løysing for naudstraum, slik at ein slepp å ha dieselaggregat.

Lokalt firma

Erling Tingstad fortel til Seterbrukaren at for hans del tok alt saman til då han ville prøva å få fast straumtilkopling til setra for nokre år sidan. Men det var vanskar med finansieringa. Så var han på eit møte om solceller i landbruket, og fekk kontakt med firmaet EnergiPluss på Tynset. Dei var interesserte i saka hans, og så byrja snøballen å rulla. Setra til Tingstad ligg på 865 meter over havet, og det er mjølkemaskin og mjølketank som er dei store straumforbrukarane der. Dyra er på utmark om dagen og på innmark om natta. På den måten går det snart å få dei inn til mjølking om morgonen, for dei må vera ferdige til mjølkebilen kjem.

Aggregat i bakhand

Anlegget som skal opp på setra er framleis nokså uprøvd, og Erling Tingstad seier at dei vil ha eit

aggregat i bakhand. Ein veit jo ikkje heilt korleis det kjem til å gå, seier han.

Skal spreia kunnskap

Norges Vel si oppgåve vil vera å spreia kunnskapen om forsøket på Os og korleis det går framover. Det skal skje gjennom mange kanalar, til dømes bilete og filmsnuttar i sosiale media, nyhendebrev og samarbeidspartnarar som informerer gjennom sine kanalar. Fylkesmannen i Innlandet (Oppland og Hedmark) støttar dette informasjonsarbeidet. Samarbeidspartnarane er Norsk seterkultur, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Bondelag, Klimasmart Landbruk Østfold og Norsk Landbruksrådgiving. Desse vil også få tilsendt skjerm-presentasjonar med korte oppsummeringar tre gongar gjennom prosjektida. Desse kan dei nytta til dømes på lokale møte der denne saka er tema. Sommaren 2021 er det også planen å be inn til ein dag på setra for andre bønder, så ein kan få sjå systemet med eigne augo.

Send oss gode løysingar frå setra di

Har du prøvd ut miljøvenlege energi-løysingar på setra di? Send gjerne tips og bilete til seter@seterkultur.no.

Auka setertilskot

Fylkesmannen i Vestland (Hordaland og Sogn og Fjordane) melder på heimesida si at tilskotet for drift av støl med mjølkeproduksjon aukar frå 60 000 kroner per støl i 2019 til 80 000 kroner per støl i 2020. Grunngevinga er at både Fylkesmannen, bondelaget og småbrukarlaget ynskjer å styrkja stølsdrifta og få meir beiting i utmark, heiter det på nettsida. Samstundes er tilskotet for drift av beitelag auka frå 20 til 25 kroner per småfe, men minka frå 40 til 35 kroner per storfe.

Vann retten til setra si i sak mot investor

Seterretten er ikkje vekke sjølv om setra ikkje har vore brukt på mange år.

Det var Namdal tingrett som slo fast dette i fjor, og då høgsterett no i mai 2020 avviste anken, er domen rettskraftig.

Lite visste vel Roy og Marianne Svarliaunet kva dei ville hamna oppi då dei kjøpte Libergsetra i Namdalen i 2007. Det er finansmannen Ola Mæle, gjennom selskapet Van Severen, som eig grunnen setra ligg på. Selskapet tok i 2017 kontakt med Svarliaunet og meinte av seterretten var gått tapt, ettersom det ikkje var seterdrift der lenger. Svarliaunet måtte tenkja seg godt om før dei valde å gå inn i retts sak – det var jo ein risiko å ta.

Setra tilhører ein landbruks-eigedom på 100 mål, som driv gard, men ikkje har dyr. Men Namdal tingrett meinte at seterretten likevel ikkje hadde falle vekk, og støtta seg mellom anna på ein høgsterettsdom frå 1897. Den gongen fann retten ut at ein seterrett ikkje var vekke sjølv om han hadde vore ubrukt i 100 år. Setra i Namdalen er på 18 mål. Grunneigaren eig 500 000 mål i Namdalen. Det er nettstaden E24 som skriv dette. Ola Mæle sitt selskap Van Severen måtte betala sakskostnader på 300 000 kroner.

Ø.S.

Ja og nei til gjetarbu

Styret for Dovrefjell nasjonalpark har gjeve løyve til å føra opp ei gjetarbu i det omstridde seteranlegget Vesllie på Dovrefjell. Men Miljødirektoratet seier at vedtaket er ugyldig, og seier nei til å byggja gjetarbua. Dette melder Nationen 27. mai.

Ø.S.

Ø.S.



Her er svenske og kinesiske gjester på Herdalssetra i 2019 (bilde: Jostein Sande).

Koronasommer på setra

Sommeren 2020 blir annerledes for mange, og mange lurer på om de kan åpne setra for besøk.

Det kan la seg gjøre, om du følger bransjenormen for trygge opplevelser. NHO utarbeidet en bransjenorm for serveringsbedrifter og naturbaserte opplevelsesbedrifter, men det er kommunelegene som skal angi standarden i hver enkelt kommune. Siden nordmenn nå må feriere i Norge, forventer vi at pågangen på besøkssetre blir stor.

Det er tillatt med arrangementer på offentlig sted for inntil 200 personer forutsatt at:

- det er mulig å holde avstand på minst 1 meter mellom personer (gjelder ikke personer i samme husstand)

- arrangementet har en ansvarlig arrangør som har oversikt over hvem som er til stede (loggføring) og er ansvarlig for at rådene om avstand og smittevern følges
- arrangøren iverksetter tiltak som bidrar til at syke ikke deltar på arrangementet og ivaretar god hygiene

For å sikre god kontroll kan det være aktuelt å legge opp til påmelding. Viktige grunnprinsipper er god håndhygiene, vask av kontaktpunkt, det skal ikke være selvbetjening av kaffe, te, vann hvor flere tar på samme overflate. Det skal være gode vaskepunkt med rennende vann og tilgang på antibac. Noen setre har utedo, men med vask av sete og engangstørkle bør det gå greit.

I NHO sin bransjenorm for naturbaserte opplevelsesbedrifter inkludert gårdsturisme står det

følgende:
«Sørg for at gjester som ikke tilhører samme husstand, kan holde 1 meter avstand. Det er likevel greit å passere hverandre / stå tettere i korte tidsrom, men det må legges til rette for at det ikke oppstår trengsel. Juster antall personer som kan delta på aktiviteten, slik at det er lett å holde avstand. Gjester må oppfordres til å vise hensyn til andre personer i gruppen, og holde tilstrekkelig avstand til hverandre. Det er ikke nødvendig med mer enn alminnelig renhold av utstyr etc. Særlig utsatte berøringspunkter vaskes med ordinære renholdsmidler.»

Forutsetningene for setrene er ulike, og det må derfor være lokale tilpasninger i samarbeid med kommunelegen.

Etter 15. juni er det åpna for arrangement for inntil 200 personer.

Setersmør og merkebruk 2020



*Kinning av setersmør
(bilde: Katharina Sparstad).*

Norsk seterkultur oppnådde høsten 2019 «beskytta betegnelse» for setersmør på tradisjonelt grunnlag. Sommeren 2020 vil bli et testår for ordningen.

Det betyr at du som medlem i Norsk seterkultur og smørprodusent kan selge smør med beskytta betegnelse i sommer, dersom du oppfylder forskriften.

Hvordan går du fram for å bruke merket?

Norsk seterkultur har søkt og fått rett til å bruke merket. Det betyr i praksis at alle medlemmer som faller inn under forskriften kan benytte merket i 2020 for et administrasjonsgebyr på kr 200,-.

Til merket knytter det seg kriterier:

For å få godkjent bruk av beskytta betegnelse må du:

1. Følge Forskrift om beskyttelse av Setersmør/Stølssmør som betegnelse for tradisjonelt særpreg
2. Være registrert eller godkjent hos Mattilsynet, og følge deres regelverk

For å sikre det beste sluttprodukt stiller vi også spesielle krav til produksjon og lagring:

- Elte ut overflødig vann i smør
- Bruke lys- og lufttett emballasje
- Oppgi holdbarhetsdato etter holdbarhetstest for smør lagret ved 4 grader C eller smør som frysevare
- Legge ved brosjyren om setersmøret som informasjon til kunden

Vi har utarbeida et eget ark for kriterier med utdypende informasjon i samarbeid med Norsk Gardsost.

Videre må du fylle ut et registreringskjema der du må signere at du godtar vilkårene. Det fungerer også som bestillingsskjema. Skjema returneres utfylt og signert til seter@seterkultur.no.

Du finner alle dokument og mer informasjon på seterkultur.no under fana "Setersmør".

Brosjyre

Det er viktig at forbruker får best mulig kunnskap om smøret. Derfor har vi utarbeida en enkel brosjyre

som skal legges ved kjøpet. Brosjyra forklarer om smøret og hvordan forbruker bør behandle det for best mulig smak og holdbarhet. Ønska antall brosjyrer sendes med ved bestilling sammen med merket og en plakett du kan henge opp i produksjons-/salglokalet!

Om beskytta betegnelse

Merkeordningene administreres av Matmerk. Beskytta betegnelse er en offentlig merkeordning som sikrer at norske matskatter får den beskyttelsen og anerkjennelsen de fortjener.

Det er tre ulike typer beskytta betegnelser: opprinnelse, geografisk og tradisjonelt. Norsk seterkultur har fått beskytta betegnelse på *tradisjonelt grunnlag*. Det betyr at den ikke er knyttet til geografi eller opphav, men til tradisjon og måten smøret er produsert på.

Norsk seterkultur har fått 100 000 kroner fra Innovasjon Norge til informasjonsarbeidet om setersmør, produsentkriterier m.m. Pengene går til Valdres natur- og kulturpark som gjør arbeidet for Norsk seterkultur.

UNESCO-prosjektet til Vingelen?

Norsk seterkultur har vore gjennom eit forprosjekt for å leggje grunnlag for ein søknad om å få skrive inn seterkulturen på UNESCO si liste for immateriell kulturarv.

Forprosjektet vart avslutta i februar 2020, og Norsk seterkultur har søkt alle seterfylka og støtte til vidare arbeid. Dersom vi får støtte på inntil 1,2 millionar, vil det vidare arbeidet leggjast til Rådhuset Vingelen.

Forprosjektet vart gjennomført frå august 2019 til arbeidsavtala var avslutta i februar 2020. Prosjektleiari i forprosjektet var Anne-Katrine Brun Norbye, med Valdres Natur- og Kulturpark som base. I forprosjektet er det brukt tid til forankring og til å etablere ein arbeidsstruktur. Det er etablert ei referansegruppe med ressurspersonar for ulike område og institusjonar, og kontaktpersonar frå andre organisasjonar og

institusjonar som kan bidra i ulike deltema i arbeidet. Dette er viktig for det vidare arbeidet. Det er også utarbeida ei projektskildring som legg grunnlaget for det vidare arbeidet. Vi er godt nøgd med arbeidet til prosjektleiari i forprosjektet Anne-Katrine Brun Norbye og har no eit godt grunnlag å arbeide etter.

Intensjonen med lokalisering til Valdres var å bruke regionen og setermiljøet med aktive stølstradisjonar, Bunad- og folkedraktsinstituttet som er akkreditert og dagleg leiar av Norsk Seterkultur som er lokalisert i Valdres Natur- og Kulturpark. Etter avslutta forprosjekt ser vi no at prosjektet er svært omfattande med stor grad av involvering, mange aktivitetar og tverrfagleg kunnskap. Vi ser det derfor naudsynt å legge organiseringa til ein annan institusjon med betre kapasitet og har teikna intensjonsavtale med Rådhuset Vingelen i Tolga

kommune. Dette er eit frittstående næringselskap som tilbyr tenester innan prosjekt- og prosessleing, kurs, sekretariat, samfunnsanalyse med meir.

Rådhuset Vingelen skal ha prosjektleiinga med eit team på fire personar med Linda Merete Ramberg som prosjektleiari. Dei vil også ha tilgang på fagressursar i resten av organisasjonen. I tillegg til at Rådhuset Vingelen skal nytte nettverk og referansegruppe frå forprosjektet, er det også lokalisert i eit aktivt setermiljø, der fleire i prosjektleiinga også er stølsbrukarar. Oppstart av hovudprosjekt kjem sjølv sagt an på finansiering, og minimum løyvd tilskot skal vere kr 1,2 millionar. Det er søkt seks fylke om støtte, og førebels er det gjeve positivt tilsegn frå eitt fylke; Vestfold og Telemark. Innlandet har ikkje hatt oppe søknaden enno. Trøndelag hadde søknadsfrist 1. juni. Vi håpar å få økonomien avklara innan oktober.

Helsing Norsk Seterkultur

Støtt opp om seterdrift og utmarksbeite

Silje Ask Lundberg,

Leder i Naturvernforbundet

Siv Beate Eggen,

Styreleder i Norsk seterkultur

I mange hundre år har husdyra beitet i utmarksområdene våre. Denne høstingen av beiteressursene har foregått både i skog og fjellområder. Folk og buskap fulgte liene oppover fra garden til setra der gras ble forvandlet til melk og ost. Innmarka hjemme på garden fikk dermed stå i fred for dyremuler store deler av vekstsesongen, og ble brukt til dyrking av korn, rotfrukter, andre nyttevekster og vinterfôr.

Over tid har denne utmarksbruken utviklet et innholdsrikt beitelandskap med noen av våre mest artsrike økosystemer. Men endringer

i landbruket de siste 50–100 år har ført til at mange av disse er i ferd med å forsvinne.

Ku, sau og geit har fylt setervollene gjennom hundrevis av år. Dyra kom opp så snart det var grønt og godt beite. Også hesten dukka opp seinere på sommeren, etter slått. De ulike dyra beiter litt forskjellig, som i samspill: Geita liker skudd, lyng og kratt, kua gras og urter hun kan raspe løs med den ru tunga si, mens sauene gjerne plukker de artene de liker best en for en, og hesten tar finpussen til slutt.

Tidligere var bruken av utmarka både mer utstrakt og allsidig enn i dag. Dette ser vi fortsatt spor av i seterlandskapet. Forekomsten av ulike planter, sopp og dyrearter kan være med på å fortelle historien om

høyslått, lauving og utmarksbeiting. Beiteskogen blir mer variert enn skog som ikke beites. Noen steder virker skogsvegetasjonen nesten upåvirket av beiting, mens påvirkningen blir tydeligere i glenner og langs gamle tråkk, stier og skogsveier. Der dyra oppholder seg mye kan det danne seg artsrike beitevoller.

Gjennom flere hundre år har det på den måten utviklet seg et innholdsrikt og mangfoldig landskap der mange forskjellige arter har funnet sine nisjer. Men når seterdrifta forsvinner, blir sakte men sikkert beitelandskapet bytta ut med kratt og tettere skog, og kvaliteten på utmarksbeitet blir redusert.

Gjengroing i utmarka og intensivt drift på innmarka

har ført til at både naturtyper og over 500 av artene som er knyttet til det ekstensive landbruket nå er truet. Disse naturtypene er viktige både for arter som pollinatorer og for matproduksjon og i tillegg ofte ettertraktet som rekreasjonsområder. Samtidig har forskning vist at eng kan binde større mengder med CO₂ i jord enn hva kratt og skog kan, og at beiting kan øke karbonlagringen. Å opprettholde kulturlandskapet er derfor viktig i både klima- og natursammenheng.

Covid-19 har lammet deler av samfunnet, og Norge viser seg å være blant landene som er dårligst på selvforsyning og matberedskap i Europa. Tidene skifter og vilkår endres. Er vi godt nok forberedt for framtida? Seterdrift og utmarksbeite har gjennom århundrer vært helt avgjørende for mulighetene for å overleve her i nord. Det er en ressurseffektiv måte å drive husdyrhold på, som frigjør åkerareal til dyrking av menneskemat og samtidig bidrar til å ivareta biologisk mangfold og andre miljøgoder. Vi mener derfor at det er på høy tid å gi seterdrifta og levende beitelandskap et kraftig løft.

Landbrukspolitikken må bli mer bærekraftig og langsiktig. Det må bli lønnsomt for bonden å bevare beitelandskapet slik at det blir en naturlig del av gårdsdrifta. De offentlige tilskuddene til å drive på denne måten må derfor økes. Framtidens matproduksjon og mål om å stanse tap av biomangfold og utslipp av klimagasser må også sees i sammenheng.

Tiltak for å redusere jordbrukets klimaavtrykk kan ikke gå på bekostning av biologisk mangfold. Det bør forskes mer på hvordan beitedyrene påvirker karbonlagringen i naturbeitemarka. I tillegg må seterdrifta og utmarksbeite prioriteres i alle sektorer på alle nivå. Nedbygging av seter- og beiteområder må stanses, for biomangfoldet, for et levelig klima og for matsikkerheten.

Seter til leige



Frå stølsgrenda Olavstøl i Granvin i Hardanger er utsynet vidt (bilete: privat).

I første utgåva av «Seterbrukaren» etterlyste Svein Gjerdåker fleire bønder som ville leiga ut stølane sine.

Og somme er det som har teke opp tråden. Så har du ku, men ikkje seter, så finst det nokre stader å venda seg.

Hardanger

Arne Dale i Granvin i Hardanger tok kontakt med Seterbrukaren etter artikkelen i første utgåva av bladet. Han er grunneigar i Granvin, men driv ikkje sjølv med husdyr lenger. Garden har støl i stølsgrenda Olavstøl med seks andre bruk, og Dale vil gjerne at stølen skal koma til nytte om det finst driftige folk som treng beite til dyra sine. Saman med ein annan grunneigar har Arne Dale fått rusta opp vegen til stølsgrenda, så der er godt framkomeleg. Der er omlag 100 dekar innmarksbeite og rikeleg med utmark i tillegg. Det er 20 bås plassar i fjøset, men truleg noko mindre båsar enn dagens standard. Husa treng noko ettersyn så det er kanhenda best å nytta ei campingvogn i fyrste omgang, seier han til Seterbrukaren. Stølsgrenda ligg 720 meter over

havet, i retning Mjølfjell og Finse frå Granvin. Er du interessert i beite kan du ringja 90705810.



Frå Olavstøl i Granvin (bilete: privat).

Hemsedal

I Hemsedal i Buskerud har Anne Ulsaker Bækken gått ut og lyst etter folk som vil driva støl. Denne stølen ligg ved Skogshorn i Hemsedal og var i drift fram til sommaren 2015. Sjølv om det har vore nokre års pause er alt i fullgod stand, med fjøs med plass til 12 kyr på bås. Her er innlagt straum og røymjølking, og tankbilen hentar mjølka. Her er også hus til å laga rjome, smør og ost, og dessutan lokale til kafe der ein kan selja produkta. Kontakt på telefon 92231413.

Ø.S.

Krisepengar kan rydda gamle stølsvollar



Med krisepakken til skognæringa kan også gamle og tilgrodde stølsvollar få nytt liv, som her på Herdalssetra. (Illustrasjonsbilete: Jostein Sande).

I takt med at seterbruket har minka har mange stølsvollar grodd att med skog. Men no kan statlege krisepengar til skogbruksnæringa hjelpe til med å få rydda attgrodd kulturlandskap.

Av Øystein Skjæveland

I samband med korona-sjukdomen er det mindre etterspurnad etter sagtømmer og mindre å gjera for skogsentreprenørane. For å halda hjula i gang i denne næringa har staten sett av ein krisepakke på 50 millionar kroner. Desse pengane skal gå til det som elles er rekna som ulønsam hogst, til dømes tynning og hogst i bratt og utilgjengeleg lende.

Norsk botanisk forening har kontakta Norsk seterkultur om at desse midlane også kan vera til god nytte for seterbrukarar som ynskjer å opna opp att gamle kulturlandskap, både på seter og gardsbruk.

Andre føremål kan vera å fjerna framande treslag i område der desse spreier seg, og å restaurera edellauskogar ved å fjerna bartre. Norsk botanisk forening meiner slike tiltak vera betre for naturen enn om til dømes krisepakken skulle gå til å fjerna vanskeleg tilgjengeleg gamalskog med dei artane som lever der.

Den mest omfattande attgroinga

av seterlandskapet har skjedd dei siste 50-70 åra, i takt med endra driftsformer i landbruket, skriv Norsk botanisk forening. Men sjølv om somme av desse områda no har storvaksen skog, er mykje av dette framleis å rekna som naturbeitemark, slåttemark eller hagemark, på grunn av at ein framleis kan finna artar som var tilpassa den historiske drifta med beite, slått og brenning m.m. Difor er det råd å restaurera desse areala til ope kulturlandskap att.

Korleis går ein fram?

Den som har eit attgrodd areal som ein ynskjer å få rydda, kan laga eit oversyn over areal, tilstand, mengd skog ein vil ta ut og så vidare. Ta så kontakt med entreprenørar - få gjerne tilbod frå fleire. Då bør ein også stilla ekstra krav, til dømes om å unngå skade og sår på kulturmarka. Det kan driva opp prisen på arbeidet, men denne ordninga er jo nettopp for slikt arbeid som elles vil vera for dyrt. Både taubanedrift og hogst med hest kan vera aktuelt, dersom ein finn entreprenørar som driv med dette, seier Anders Gunnar Helle i Norsk Botanisk forening til Seterbrukaren.

Helle understrekar at dette er ei dobbelt god ordning for grunneigaren – ein kan få økonomi til å gjera arbeidet, og ein slepp å gjera det sjølv. Ordninga er jo laga for å sysselsetja skogsentreprenørane. Norsk botanisk forening kan hjelpe

til med råd om dei praktiske sidene ved ein søknad og det å koma i kontakt med entreprenør.

Ein kan søkja om tiltak som er påbyrja 12. mai 2020 eller seinare. Ein søker til kommunen, som så vurderer saka og sender vidare til Fylkesmannen.

I fyrste omgang er det fordelt 30 millionar på fylka slik:
Innlandet: 10,7 mill. kr
Oslo og Viken: 6,8 mill. kr
Vestfold og Telemark: 2,9 mill. kr
Agder: 2,2 mill. kr
Rogaland: 0,8 mill. kr
Vestland: 1,5 mill. kr
Møre og Romsdal: 1,2 mill. kr
Trøndelag: 2,4 mill. kr
Nordland: 1 mill. kr
Troms og Finnmark: 0,6 mill. kr

Så skal det fordelast endå 20 millionar over sommaren, etter at ordninga er evaluert.

Meir informasjon her:
[landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/skogberedskap/korona-tilskudd/ekstraordinært-driftstilskudd/ekstraordinært-tilskudd-for-å-oppretholde-hogstaktivitet-i-skogbruket-2020#til-forvaltningen](https://anleggsmaskinen.no/2020/06/tilskuddsordning-skal-oppretholde-hogstaktiviteten/)

<https://anleggsmaskinen.no/2020/06/tilskuddsordning-skal-oppretholde-hogstaktiviteten/>

Øk melkens verdi med eget gårdsysteri

Nyhet!

Fjøsssystemer kan nå tilby komplette løsninger til gårdsmeieri og ysting fra anerkjente Plevnik. Ystekar, ostepresser, pasteuriseringsutstyr og mye mer. Plevnik er kjent for topp kvalitet og finish.

Vi tilbyr selvsagt montering, service og deler til dette utstyret på lik linje med resten av Fjøssystemers sortiment. Ta kontakt med Knut Evensen: knut@fjossystemer.no



PLEVNIK
Add Value to milk.

**SMART
FØRING**
FJØSSYSTEMER

 www.fjossystemer.no

FJØSSYSTEMER
Bonden og dyrenes førstevalg

Øst
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
ost@fjossystemer.no

Sør
3178 Våle
Tlf. 33 30 69 61
sor@fjossystemer.no

Vest
4365 Nærbø
Tlf. 51 43 39 60
vest@fjossystemer.no


Nordvest
6770 Nordfjardeid
Tlf. 57 86 25 05
nordvest@fjossystemer.no

Midt
7473 Trondheim
Tlf. 72 89 41 00
midt@fjossystemer.no

Bygg
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
bygg@fjossystemer.no

Sendar:

Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77
2900 Fagernes



Setersamling for Møre og Romsdal

Det blir treff for seterbrukarar i Møre og Romsdal på setra til Adrianna Saliwon og Paul Einar Sæther på Åndalssetra i Gjemnes *laurdag 15. august 2020*. Invitasjon og program

vert sendt ut seinare.

Åndalssetra ligg i Gjemnes kommune på Nordmøre. Frå Batnfjordsøra er det omlag ein time i retning Molde. På stølen er det

foredling av mjølk frå fjordfe.

Det er Per Sæther og Nils Sigurd Drabløs som bed inn til setertreffet på Åndalssetra.



Frå Peseterstølen på Åndalssetra i 2019. Til venstre: Kyrne på veg inn i fjøset. Til høgre: Adrianna Saliwon med nylaga setersmør (bilete: privat).

Innsatsen for seterdrifta
treng fleire støttespelarar.

Bli medlem

i Norsk seterkultur!

www.seterkultur.no



Mange av
produkta våre
har rot i støls-
kulturen og
vi støttar

Norsk seterkultur i arbeidet
for denne driftsforma.



Inner Gammelsetra byggjer om fjøset

Inner Gammelsetra i Grøvudalen i Sunndal på Nordmøre, som fekk seterprisen frå Norsk seterkultur i vinter, satsar på å fornya seg til 2020-sesongen. Setra melder på facebook-sida si at dei skal byggja om det gamle steinfjøset til sals- og serveringslokale, med tanke på korona-reglar for å unngå trengsel. Ein spleis-aksjon har fått inn meir pengar til prosjektet enn rekna med.

Ø.S.